

## Frådeling på Neset

24.06.2014

**Dag Hermansen, som bur i Søndre Skogvegen i Bergen, har fått løve i kommunen til frådeling av ein parsell rundt eksisterande bustadhus i Geilo 27 på Neset. Han skal nytta staden til fritidseigedom.**

Hermansen opplyste i søknaden at garden er liten og at jorda er leigd bort i 10 år til Olav Kristian Bringedal.

Det er ingen endring når det gjelder vegtilkomst - den eksisterande veggen til eigedommen kan brukast. Men den nye parsellen må sikrast tinglyst vegrett og rett tiil leggjing av leidningar over annan eigar sin grunn.

Det er eit vilkår er at det vert søkt om tilknytning til offentleg avløpsnett.

Arealbruken er i samsvar med kommunedelplan-bustadområde. Det låg ikkje føre protestar til frådelinga.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen